

Innhald

1. Arbeidsliv
2. Privatisering
3. Solidaritet
4. Byutvikling
5. Klima og miljø
6. Samferdsel
7. Bustad
8. Barnehage og skule
9. Helse og velferd
10. Kultur, idrett og fritid
11. Økonomi
12. Makt og system

Innleiing

Raudt legg mykje arbeid i bystyret i Oslo, men kvar einaste dag driv vi òg med politisk arbeid utanfor folkevalde organ. Vi jobbar i organisasjonar og rørsler, og i samarbeid med fagforeningar og lokale aksjonar. Vi har òg ein breiare horisont enn byen vår, vi jobbar for å få slutt på kapitalismen som system over heile verda, for ei meir rettferdig og berekraftig verd for alle – i Oslo, i Lofoten og i Palestina.

Raudt kjempar mot ein klassesdelt by. Folk i Oslo blir behandla ulikt og har ulike moglegheiter. Det ser vi i arbeidslivet, i bustadpolitikken og i fordeling av ressursar og gode. På vestkanten lever folk lenger, har lågare arbeidsledigheit og høgare inntekt. Kollektivtilbodet i aust er sprengt, i vest er det god plass på banen.

Raudt Oslo ser dette i samanheng. Det handlar ikkje berre om urettferdig fordeling, men om makt og interesser, der rike og kapitaleigarar får styre politikken. Raudt tek utgangspunkt i interessene til arbeidarklassen og jobbar for eit anna samfunnssystem, eit reelt folkestyre som ikkje blir overstyrt av nasjonale og internasjonale næringsinteresser. Mobilisering og motaksjonar kan vere ei motvekt til interessene til det rike mindretalet.

Raudt er eit feministisk parti. Økonomisk sjølvstende er ein føresetnad for full kvinnefrigjering. Framleis nyttar kvinner meir tid enn menn på omsorg for eigen familie, og mange kvinner må jobbe deltid for å få familielivet til å gå opp. Dette fører til lågare løn, færre moglegheiter for karriere og lågare pensjon. Raudt jobbar for tiltak som kan styrkje kvinners stilling økonomisk, juridisk, politisk og ideologisk. Vi vil støtte all kvinnekamp i Oslo og sjå på korleis løyvingar og vedtak frå bystyre og bydelsutval vil verke for kvinner.

Raudt kjempar mot imperialism, rasisme og diskriminering i alle former. Raudt Oslo jobbar mot norsk deltaking i krigane til USA og NATO, og imperialistiske framstøytar frå norske selskap i utlandet.

Mange av innbyggjarane i Oslo blir utsette for diskriminering. Menneske med minoritetsbakgrunn kjenner rasismen på kroppen i form av mistenkeleggjering og hets, antisemittisme er eit aukande problem, romfolket blir jaga rundt, og folk med rørslehemningar møter mange hinder i kvardagen. Alle skal ha krav på same rettar, fridommar og plikter uavhengig av hudfarge, kjønn, nasjonalitet, etnisk og kulturell bakgrunn, språk, seksuell orientering, livssyn og funksjonsevne.

Klimakampen er raud! Raudt jobbar for eit samfunn der tolegrensene til naturen set rammene for menneskeleg aktivitet, ikkje kapitalismen sin trong for stadig vekst.

Dei menneskeskapte klimaendringane går raskt mot eit vippepunkt. Ressursane i naturen blir tekne utan tanke på generasjonane i framtida, og forureining skader både naturen og livsgrunnlaget til menneska. Denne utviklinga er det mogleg å snu, men det krev ein radikal og systemkritisk politikk. «Grøn kapitalisme» er ei sjølvmotseiing, miljøinteresser vil aldri trumfe profittinteresser i eit kapitalistisk samfunn. Raudt vil samarbeide med alle som jobbar for lokale og nasjonale tiltak for ei berekraftig og fornybar framtid. Det føreset blant anna større satsing på kollektivtransport, ein miljøvenleg bustadpolitikk og at auka produktivitet blir teken ut i fritid heller enn forbruksvekst.

Byrådet har over mange år nytta byrådsmakta til marknadsliberalistiske eksperiment, og til å gjere venene sine rikare gjennom å privatisere kommunale tenester og selje kommunal eigedom. Raudt vil derfor kaste byrådet. Raudt føretrekkjer eit byråd av Ap og støtteparti, fordi det på nokre område vil stå nærmare politikken vår. Men vi hugsar at utskiljing av kommunale tenester starta under eit Ap-leidd byråd. I mange år såg vi òg at den raud-grøne regjeringa var pådrivar for innstrammingar i kommuneøkonomien og omfattande kutt i trygderettar. Raudt vil jobbe saman med folk mot det som ikkje er bra i politikken til eit nytt byråd. Vi vil ikkje vere eit passivt støtteparti for noko byråd.

1: Arbeidsliv

Arbeidarmakt er eit grunnleggjande krav

Oslo har lenge ført ein politikk som gir mindre makt til arbeidsfolk og fagrørsla – til fordel for kapitalistar, konsultentselskap og eit veksande sjikt av toppbyråkratar. Heilt grunnleggjande for folks makt er det som skjer i arbeidslivet. Verkeleg arbeidarmakt på arbeidsplassane er ikkje mogleg innanfor rammene til kapitalismen. Men Raudt støttar alle krav som endrar styrkeforholdet i arbeidslivet i riktig retning, til fordel for arbeidarar i alle verksemder og sektorar.

1.1: Skikkelege tilsetjingsforhold og kamp mot sosial dumping

Sosial dumping må motkjempast ved blant anna innføring av krav om skikkelege tilsetjingsvilkår, aktiv oppfølging i kommunens eigne verksemder og offentlege kontraktar, og ved å støtte dei tilsette sin organisasjonsrett og rett til landsomfattande tariffavtale. Raudt vil blant anna arbeide for at:

- Oslo kommune og verksemder der kommunen har kontrollerande eigarskap, skal berre nytte firma med skatte-, lov- og tariffmessige forhold i orden.
- Kommunen skal minimum oppretthalde vilkåra som gjeld i dagens arbeidsmiljølov, sjølv om Stortinget vedtek å svekkje sjølve lova.
- Kommunen skal innføre solidaransvar for løn og feriepengar der kommunen er byggherre, i tråd med ordninga for hovudentreprenørar i dag.
- Eit krav for tildeling av bevilling til sals-, serverings- og skjenkjeværksemnd skal vere at lover og skattereglar er overhaldne og at dei tilsette har landsomfattande tariffavtale.

Oslo kommune som arbeidsgivar

Oslo kommune er ein av dei største arbeidsgivarane i landet, omtrent 50 000 menneske er tilsette i kommunen. Formelt sett har ordinært tilsette i Oslo kommune relativt gode vilkår når det gjeld faglege rettar, medråderett og innsyn. Men lønsnivået er generelt lågt.

Deltidstilsetjingar og mellombelse kontraktar er sette i system. Mange kommunalt tilsette, særleg kvinner, har så små stillingsbrøkar at jobben ikkje gir optening av pensjonsrettar. Det skjer også at lov- og avtaleverk blir sett til side og at viktig informasjon blir halden tilbake.

Organisasjonsendringane i kommunen går ofte ut over dei tilsette. Når driftsforma blir endra frå kommunal verksemnd til føretak eller aksjeselskap, blir gjerne dei faglege rettane svekte. Dette er eit praktisk utslag av høgrekraftene sitt ideologiske ønske om å ta frå arbeidsfolk opparbeidde rettar.

Ved utlysning av **offentleg anbod** innanfor bygg- og anleggskontraktar krev Raudt at:

- Bedrifter med landsomfattande tariffavtale skal prioriterast ved inngåing av offentlege kontraktar.
- Kontraktar skal opphevast dersom dei tilsette blir nekta å inngå landsomfattande tariffavtale etter norsk lov.
- Arbeidet skal utførast av tilbydaren og deira tilsette. Om bruk av underentreprise likevel er naudsynt, skal kontraktane stille krav om maksimalt to ledd.
- Avtale om underentreprise med einskildpersonføretak eller bruk av innleigd arbeidskraft må godkjennast etter skriftleg grunngiving frå entreprenøren.
- På byggjeplassane til kommunen må minst éin person på kvart arbeidslag forstå og kunne gjere seg godt forstått på norsk.

Innsatsen for fleire **lærlingplassar** må styrkjast på alle fagområde:

- Kommunale arbeidsplassar skal samla ha eit tal lærlingplassar som svarer til minst 2 promille av folketalet i kommunen.
- Lærlingkontoret/-etaten må gjenopprettast.
- Private verksemder av ein viss storleik skal forplikte seg til å ta inn lærlingar.
- Tilbydarar og underentreprenørar engasjerte i prosjekt skal vere godkjende og aktive lærlingbedrifter.

Tilsette i Oslo kommune må få betre løns- og arbeidsvilkår, og faglege rettar må styrkjast. Raudt vil kjempe mot sosial dumping av kommunalt tilsette.

- Vikarar skal ha same løns- og arbeidsvilkår som om dei var tilsette i kommunen.
- Det må bli lettare for tilsette i Oslo kommune å gjennomføre etter- og vidareutdanning, til dømes ved studiepermisjon med løn.
- Kommunen skal gi ufaglærte arbeidstakarar høve til å ta fagbrev, der slike finst.
- Kvalitet og innhald i tenestene må utviklast gjennom tett samarbeid mellom tilsette, politikarar og innbyggjarar.
- Oslo kommune må opprette vikarpoolar innanfor tenestene sine. Dei tilsette i vikarpoolane skal vere fast tilsette og følgje gjeldande tariffavtale. Dette skal erstatte bruken av private vikarbyrå.

Somme må jobbe hardare enn andre for å kome inn i **arbeidsmarknaden**. Løysinga er ikkje å opne for meir mellombels arbeid – mellombels arbeid gjer at folk lever i uvisse. Det må på plass målretta tiltak for å kjempe mot arbeidsledigheit, særleg blant minoritetsgrupper med høg ledigheit.

- Arbeidet med inkluderande arbeidsliv må få eit reelt innhald, òg for grupper som i dag blir sette utanfor arbeidslivet.
- Sysselsetjingstiltak og «frivillig innsats» skal ikkje fortregne ordinære arbeidsplassar eller undergrave gjeldande tariffavtalar.
- Mange opplever å gå i praksisplassar i opptil fleire år, i arbeidsforhold som minner om utnytting. Om ein arbeidsplass kan ha nytte av arbeidskrafta di, skal du få jobb – ikkje praksisplass!
- Arbeidsinnvandrarar skal få tilbod om gratis norskopplæring.
- Innvandrarar sine tiltak for sjølvorganisert språklæring og fagleg/sosialpolitisk skulering må støttast.

Oslo hamn

Raudt Oslo støttar Norsk Transportarbeidarforbund sin kamp for ryddige forhold i hamnene. Registrerte hamnearbeidarar er ein føresetnad for trygge og effektive hamner. Hamnearbeidarane sin fortrinnsrett til losse- og lastearbeid motverkar utnytting av underbetalte sjøfolk og mellombels tilsette, og fungerer som eit bolverk mot sosial dumping i hamna. Raudt Oslo går derfor inn for at ILO 137 skal gjelde i Oslo hamn, uavhengig av om Noreg er tilslutta ILO 137 eller ikkje.

1.2: 6-timarsdag og rett til heiltid

Alle skal ha rett til heiltid. Deltidsstillingar blir nytta i utstrekt grad, særleg i kvinnedominerte yrkesgrupper. Både deltidstilsette og folk i mellombelse stillingar slit ofte økonomisk, blant anna med å få bustadlån.

Samstundes er belastninga med jobb pluss husarbeid og barnepass ein viktig grunn til at mange kvinner vel å jobbe deltid. Deltid er innføring av kortare arbeidstid utan lønskompensasjon. Det er derfor viktig å redusere normalarbeidstida i tråd med generell produktivitsvekst, med meir lik fordeling av lønsarbeid, omsorgsarbeid og fritid.

- Alle som jobbar deltid i kommunen, skal få tilbod om full stilling dersom dei ønskjer det. Oslo kommune må avskaffe stillingsbrøkar som ikkje gir pensjonsopptening.
- Raudt vil innføre 6-timars arbeidsdag med full lønskompensasjon for alle kommunalt tilsette. Dette kan gjerast gradvis, med til dømes ein halv time i kvart tariffoppgjær.
- 6-timarsdag med full lønskompensasjon må innførast snarlest på arbeidsplassar med tung belastning, som i pleieinstitusjonar.

2: Privatisering og konkurranseutsetjing

Folk flest taper

Det politiske fleirtalet har sleppt laus kommersielle storselskap på pleietrengande eldre, barnevernsbarn og rusavhengige. Dette har ført til at kvaliteten på tenestene blir svekt, både i dei private og i dei offentlege institusjonane. Konkurranseutsetjing og privatisering tappar kommunen for verdifulle velferdspengar, og fører til sosial dumping og uverdige arbeidsvilkår for dei tilsette. Kommersielle løysingar er spesielt problematiske for velferdstenester.

Privatisering og nedskjering av kommunal verksemd råkar både brukarar og tilsette i Oslo kommune.

Kvinner blir hardast råka, sidan det er stor overvekt av kvinner i omsorgsyrka, og sidan kvinner ofte tek hovudansvaret når offentleg omsorg blir kuttet og oppgåver må flyttast tilbake til familien. Raudt godtek ikkje at kommersielle selskap skal ha sugerør i kommunekassa, vi vil nytte pengane våre på gode og romslege velferdsordningar for innbyggjarane.

Drikkevatnet i Oslo er ikkje og må ikkje bli ei handelsvare. Reinsing og distribusjon av drikkevatnet for befolkninga i byen er ein offentleg kjernefunksjon.

6-timarsdag på dagsorden igjen

Sekstimarsdagen var, og er, eit av kvinnerørsla sine mest sentrale faglegpolitiske krav. Første gong kravet om kortare arbeidsdag blei fremma i Noreg, var av gruvearbeidarar i Sulitjelma i 1920-åra. Så snart 8-timarsdagen var på plass, erstatta dei 8-talet med et 6-tal på fana.

Sekstimarsdagen er ei jamstillingsreform, ei miljøreform, ei familierreform og ei samfunnsreform.

6-timars normalarbeidsdag vil gjere det mykje lettare å få kvardagen til å gå opp. Dessutan, sjølv om folk – spesielt låglønte – ikkje skal gå ned i løn, gir det høve til å ta ut produktivitsvekst i tid framfor pengar. Dagens økonomiske politikk legg opp til ei tredobling av det private forbruket til 2060. Det kan ikkje klodens klima, miljø og ressurstilgang tole.

Ideelle tilbod

Mange velferdstenester har blitt starta opp av såkalla ideelle grupper – så vel organisasjonar som Norske kvinners sanitetsforening og Kyrkjens bymisjon, som grupper av foreldre eller andre. Raudt er sjølv sagt ikkje imot dette og ser at dei har gitt verdifulle bidrag til utvikling av tenestene.

Men i dag kan grensene mellom dei som driv kommersielt, og dei som driv på «ideelt» grunnlag, vere uklare, særleg når det gjeld behandling av tilsette. Det blir òg eit demokratisk problem om mange tenester blir drivne på denne måten.

Raudt vil primært at velferdstenester skal styrast og drivast av fellesskapen. Det skal like fullt stillast dei same krava til slike drivarar som til dei som er reint kommersielle.

Raudt vil at all **konkurransetjing og privatisering** av kommunale tenester må stansast. Oslo kommune skal sjølv stå for drifta av kommunale tilbod.

- Kommunal verksemd som er privatisert eller organisert som føretak eller selskap, skal tilbake til vanleg kommunal drift. Tilsette skal få tilbake tariff- og pensjonsrettane sine.
- Dersom privatisering eller omorganisering av kommunal verksemd blir tvinga gjennom, skal alle tilsette få tilbod om fast tilsetjing hos den nye arbeidsgivaren. Tilsette som ikkje ønskjer overgang, skal få tilbod om å framleis jobbe i Oslo kommune.
- Ved privatisering eller omorganisering skal beste tariffavtale gjelde. Det gjeld òg pensjonsavtalar.
- Bruk av offentleg-privat samarbeid (OPS) for å finansiere skular, sjukeheimar, vegar og andre offentlege anlegg må stansast.
- Drikkevassforsyninga må framleis ordnast av kommunen.
- Bestillar/utførar-modellen, der kommunal verksemd blir splitta opp i ulike einingar som kjøper tenester av kvarandre, må avviklast.
- Tilsette skal få tid og tillit til å gjere jobben sin. Dagens mistillitssystem med byråkratisk reknearkkontroll og rapporteringsmani må avviklast.

OPS – offentleg privat samarbeid
Under OPS-modellen er det private som byggjer ut og eig t.d. skulebygg, gjerne på ei kommunal tomt, og som så leiger bygget ut til kommunen. OPS viser seg i praksis å bli dyrare blant anna fordi dei private selskapa ved finansieringa ikkje klarer å oppnå like gunstige vilkår som Oslo kommune. OPS undergrev kommunen si langsiktige styring med eigen økonomi og lét private investorar tappe kommunen for pengar.

3: Solidaritet

Innanfor og over landegrensene

Solidaritet inneber gjensidigheit og erkjenning av felles interesser, kamp mot imperialismen og utnytting. Raudt Oslo meiner at det viktigaste skiljet mellom menneske i verda er klasseskilje, ikkje hudfarge, kjønn eller seksuell legning. Rasisme, kvinneundertrykking og homofobi bidrar til å splitte arbeidarklassen, og til å flytte fokuset vekk frå problema med det kapitalistiske systemet. Solidaritet byggjer på fellesskapen i kampen, og er noko anna enn velgjerd.

Raudt Oslo driv solidaritetsarbeid både i Oslo kommune og på nasjonalt og internasjonalt nivå. Vi støttar kampen for demokrati og sosial, økonomisk og nasjonal frigjering verda over. Vi samarbeider med fleire organisasjonar og nettverk som jobbar mot rasisme og diskriminering, og med folk som kjenner det på kroppen.

Solidaritet kjenner ingen landegrensar. Oslo kommune sitt internasjonale arbeid skal bidra til å sikre sosial rettferd og medverke til ei utvikling som varetek menneskerettar, demokrati og berekraftig utvikling.

- Raudt går mot tiggeforbod, lokalt og nasjonalt. Fattigdom skal motkjempast gjennom sosial utjamning, ikkje gjennom å gøyme han vekk eller stenge fattigfolk ute.
- Det må på plass offentleg helsetilbod, sanitær- og butilbod for omreisande romfolk.
- Raudt Oslo jobbar for boikott av staten Israel, israelske institusjonar og israelske produkt og tenester inntil Palestina er fritt. Oslo kommune bør inngå venskapsbyavtale eller samarbeide på anna vis med ein eller fleire byar i okkuperte Palestina.
- Ingen rasistiske, islamofobe, antisemittiske eller høgreekstreme organisasjonar skal få økonomisk eller anna støtte frå Oslo kommune.
- Ingen talarstol til nazistar. Høgreekstreme organisasjonar skal aldri få demonstrere i Oslo utan å bli møtte av motdemonstrasjonar.

- Raudt Oslo går imot NATO og den norske regjeringa sin krigshissande politikk i konflikten i Ukraina. Vi vil støtte arbeid for fred i Ukraina og arbeide for solidaritet med dei som blir råka av konflikten.

Oslo skal vere byen med det store hjartet – da må vi ha plass til mange fleire som **flyktar frå krig, naud og katastrofar**.

- Oslo må ta imot fleire flyktningar og asylsøkjjarar. Vi bør særleg ta imot fleire kvoteflyktningar når det oppstår store kriser, som i Syria, og vi bør også ta imot fleire av båtflyktningane som kryssar Middelhavet.
- Mottaksordningar skal vere drivne av det offentlege eller av organisasjonar utan profitt som føremål.
- Asylsøkjjarar må få arbeidsløyve og tilbod om gratis undervisning i norsk og samfunnskunnskap medan saksbehandlinga går føre seg, og papirlause og ureturnerlege flyktningar skal ha arbeidsløyve.
- Asylsøkjjarar og papirlause skal ha same rett til fullverdige helsetenester som norske statsborgarar, og asylbarn skal ha same rett til barnehage og skulegang som andre barn i Noreg.
- Einslege mindreårige asylsøkjjarar må få dekt behova sine både for omsorg og utstyr. Mindreårige asylsøkjjarar må få buforhold, klede og lommepengar som gjer at dei stiller meir på like fot med andre ungdommar i Noreg.
- Trandum asylfengsel må leggjast ned. Stopp kriminaliseringa av asylsøkjjarar.

Millionar på flukt frå krig

Meir enn 3400 båtflyktningar mista livet på veg til Europa i 2014. Den italienske kystvakta ventar over 100 000 flyktningar i 2015. Ein stor del av flyktningane har opphav i konflikten i Syria. Libanon, eit av nabolanda til Syria, har teke hand om 1 million Syria-flyktningar – éin per fire innbyggjarar. Noreg bør klare å ta imot 10 000 syriske flyktningar i løpet av eit år. Raudt Oslo har foreslått at hovudstaden må ta imot mange fleire flyktningar enn planlagt, minst 1155 i 2015.

Kampen mot undertrykking av **lesbiske, homofile, bifile og transpersonar** er ein kamp for alle, uavhengig av orientering.

- Landsforeininga for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner (LLH) i Oslo og Akershus må få auka økonomisk støtte, slik at foreininga kan utvide støtte- og aktivitetstilbodet sitt.
- Det må òg givast sjølvstendig støtte til gruppa Skeiv Verden, slik at dei kan utvide tilbodet til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar med innvandrarbakgrunn. Å vere ein minoritet i minoriteten medfører ofte sine heilt egne problem.
- Festivalen Oslo Pride har utvikla seg til ein viktig politisk, kulturell og sosial møteplass for LHBT-folk frå hele landet. Festivalen må få naudsynt støtte for å unngå å måtte dreie arrangementet i meir kommersiell retning. Oslo kommune må inngå ein langsiktig avtale med Oslo Pride om leige av festivalområdet Rådhusplassen.
- Osloskulen må jobbe for å synleggjere lesbiske, homofile, bifile og transpersonar overfor barn og unge. Kommunen må utarbeide undervisningsmaterieill til bruk i grunnskulen.
- Oslo kommune skal i samarbeid med LLH Oslo og Akershus utvikle kurs for tilsette i heimetenesta og eldreomsorga for å sikre likeverdig tenestetilbod for LHBT-eldre.

Det er mange andre grupper som blir diskriminerte, som til dømes menneske med funksjonshemmingar. Du vil finne meir om Raudt sin politikk angående diskriminering andre stader i programmet, blant anna i kapitla om høvesvis arbeidsliv og samferdsel.

4: Byutvikling

Kven er byen til for?

Byplanlegginga til Oslo kommune baserer seg på prognosar som viser enorm folketalsvekst framover, vi skal runde 800 000 innbyggjarar i 2027, og 1 million innan 2040. I offentlege dokument heiter det gjerne at «prognosane viser ...» utan at dette blir problematisert nærmare. Raudt meiner at det trengst ein nasjonal politikk som fremmar busetjing og sysselsetjing i heile landet og som hindrar massiv sentralisering i hovudstadsregionen.

Likevel må Oslo planleggja for auka folketal. Dette må skje på ein miljøvenleg, menneskevenleg og berekraftig måte, der vi hentar dei beste elementa frå «den tette byen» og drabantbyane. Om vi lèt marknaden få bestemme utviklinga av byen vår, får vi eit større press på parkar og grøntareal, auka biltrafikk, ytterlegare press på bustadprisane og utbygging innan markagrensa.

Kven skal planleggje byen?

Raudt er mot privat områdeutbygging av den typen vi ser blant anna på Tjuvholmen, der eit privat selskap har ansvar for fellesareala og fellesfunksjonar (veg, vatn, kloakk, skule, barnehagar osv.). Det må vere fellesskapen og kommunen som byggjer ut, finansierer og eig dette, ikkje utbyggingsselskapa.

Gjennom ein lang periode med Høgre-styre i Oslo har byplankontoret (Plan- og bygningsetaten) blitt vengeklipt, slik at etaten stort sett berre kan ta stilling til og justere private planforslag. Raudt meiner at kommunen må ta att posisjonen som motoren i planlegginga av byen.

Oslo kommune og nabokommunane må saman utarbeide bindande regionale areal- og transportplanar (fylkesdelplanar) som ser kollektivtransporten i samanheng med lokalisering av bustader, tenester og arbeidsplassar. Samordninga gjeld og føreset tiltak i heile Oslo-regionen.

Oslo kommune må jobbe for ei tettare integrering med nabokommunane. Byen veks, òg utanfor kommunegrensene. Dette krev tettare samarbeid om kollektivtransport og lokalisering av bustader, tenester og arbeidsplassar.

- Einskildprosjekt må sjåast i ein større byplansamanheng og i samanheng med andre planar for området. Det må lagast områdeplanar som ser einskildtomtene i samanheng, og der det er fleire tomteeigarar, må desse påleggjast samarbeid om fellesareal.
- Raudt går mot etablering av nye bilbaserte kjøpesenter. Reguleringsvedtak, trafikkregulering og parkeringsreglar må brukast for å hindre etablering av nye og utviding av eksisterande bilbaserte kjøpesenter.
- Den offentlege bygningskontrollen må gjenopprettast og styrkjast. Det har vist seg gong på gong at eigenkontrollen til byggherrar og entreprenørar ikkje er haldbar.

Raudt meiner at framtida til byen vår er for viktig til at vi lèt marknaden få bestemme. Derfor vil vi ta tilbake den demokratiske retten innbyggjarane har til å planleggje eigen by.

- Det skal lagast lokalsamfunnsplanar i samarbeid med lokalbefolkning, lokale interesseorganisasjonar og næringsdrivande.
- I samband med større byggjeprojekt må det takast initiativ til plansmier («charettar»). Her skal regulering og utvikling planleggjast i fellesskap med alle partane det gjeld.
- Det må givast lengre tidsfristar ved nabovarsling i byggjesaker, og alle naboar som er reelle bebuarar, må varslast, ikkje berre dei juridiske eigarane (som ofte ikkje bur der).

Kvar bør vi byggje?

T-banen er det viktigaste elementet i kollektivtransporten i Oslo. Fordi kapasiteten på dei austlege linjene i dag er sprengd, medan det er til dels god plass i vest, bør vi derfor i første

omgang sjå etter høve til utviding vestover. Fortrinnsvis ved gradvis å utvide den bymessige busetjinga av typen vi finn på Frogner og Grünerløkka.

- Dagens småhusplan, som vernar kring 29 000 villaeigedommar, er til hinder for utbygging og bør reviderast.
- Det må generelt vere klare og strenge reglar for rekkjefølgje i planane, som sikrar at nærmiljøtilbod (skular, barnehagar, nærbutikkar, idrettsanlegg osv.) blir etablerte samstundes som folk flyttar inn.
- Det bør ikkje byggjast nye bustadområde eller gjerast vesentlege utvidingar i allerede utbygde område utan at eit effektivt kollektivnett er på plass frå dag éin.
- Utbygging av nye område, som Gjersrud/Stensrud heilt sør i Oslo, må ha som føresetnad at det samtidig blir etablert eit mangfald av arbeidsplassar i området.

I sentrale område i Oslo finn ein storstilt transformasjon stad, der eit mangfaldig næringsliv blir omdanna til kontor og til bustader som er dårleg tilpassa barnefamiljar. Dette skaper unødig transport. Byrådet har no planar om slik omdanning òg i ytre by. Raudt er skeptiske til denne politikken.

Utviklinga av nye område må vere berekraftig. Bustadområde, arbeidsplassar og service bør liggje langs aksar for kollektivtransport og eit samanhengande gang- og sykkelvegnett. Energiforsyning og avfallshandtering må vere miljøvenleg. Nærleik og trafikksikker tilgang til daglegvarebutikkar, barnehage og skule, høve for fritidsaktivitetar, eldreomsorg og kollektivtrafikk avgrensar behovet for bil.

- Vi treng byplanlegging som sikrar føremålstenlege areal til industri og næring. Kommunen må òg byggje naudsynt infrastruktur som gjer det mogleg med moderne og berekraftig industriproduksjon.
- Vi vil ta vare på til dømes småindustri og transportbedrifter i botnen av Groruddalen (som på Breivoll og Kjelsrud).

Det offentlige rommet blir stadig meir kommersialisert og privatisert. Dette vil Raudt motverke.

- Mengda reklame i det offentlege rommet må reduserast kraftig og leggjast avgift på. Annonsetårna må fjernast, og kommunen skal ikkje tillate at heile vegger blir sette av til reklame.
- Det må opprettast fleire offentlege plakattavler i alle bydelar.
- Leskur, benker og offentlege toalett må bli bygde, rusta opp og haldne ved like i kommunal regi.
- Offentlege servicefunksjonar og -tilbod må leggjast utanom private kjøpesenter.

5: Klima og miljø

Berekraftig og fornybar framtid

Menneskeskapte klimaendringar er eit resultat av tvangen til økonomiske vekst i det kapitalistiske systemet. I møte med nye klimautfordringar ser vi at den endelause veksten kapitalismen legg opp til, ikkje er mogleg på ein planet med avgrensa ressursar. «Grøn kapitalisme» er sjølvmotseiande, det vi treng, er ein ny kurs.

For å leggje om samfunnet vårt i berekraftig retning må det både store og små grep til. Gjennom lokaldemokratiet jobbar Raudt for små grep som fører oss litt nærare ei betre verd. Dei små grepa som bilfritt sentrum, gratis kollektivtrafikk og framtidretta byplanlegging vil skape eit betre Oslo for oss alle.

Vi jobbar òg for ein sosialistisk, folkestyrt økonomi. Ein økonomi som ikkje øydelegg livsgrunnlaget for komande generasjonar. Den marknadsstyrte økonomien tek ikkje omsyn til jorda si toleevne. Vi må setje ein stoppar for dei effektane som veksttvangen i kapitalismen har ført til. Raudt ønskjer å forvalte ressursane våre på ein ansvarleg måte til det beste for fellesskapen og for komande generasjonar. Held vi den noverande kursen, vil det vere katastrofalt. Derfor må vi tenkje nytt.

5.1: Energi

Produksjon og distribusjon av energi skal vere under kommunal kontroll og politisk styring. Kommunen skal ikkje selje eigardelar, men arbeide for at all produksjon og distribusjon av kraft i Oslo er eigd av det offentlege.

- Som ein stor aktør på kraftmarknaden må Oslo kommune arbeide for stabile straumprisar.
- Kommunen skal aktivt leggje dei konkrete forholda til rette for overgang til fornybar energi, òg for privatpersonar.
- Sentral energiforsyning (som til dømes fjernvarmesystemet i dag) er sårbar, derfor bør det satsast meir på desentralisert energiforsyning som lokal jordvarme.
- Raudt Oslo går inn for eit topprissystem for straumleveransar til hushalda, med rimeleg straum til basisforbruk og dyr straum til overforbruk.

5.2: Ressursbruk

Oslo kommune må leggje til rette for gjenbruk og ombruk i mykje større grad enn i dag, både for einskildpersonar og firma.

Gratisbutikkar

Mange fullt brukelege ting går på dyngja. Raudt har i Oslo bystyre føreslått «gratisbutikkar» og fleire bytehyller, der folk kan levere inn kaffitraktarar, CD-spelarar, teppe og andre ting slik at andre kan ta dei i bruk i staden.

Dei borgarlege partia gjekk imot, av redsel for at det skulle bli for lite brukte saker igjen til loppemarknadene. Men som alle som har vore på ein loppemarknad har sett: Bruktmarknaden er meir enn stor nok for alle.

- Oslo kommune kan bidra med lokale til «gratisbutikkar», og oppmode burettslaga i byen til å lage egne bytebuer.
- Alle bør ha bytehyller eller bytekteintrar innan rimeleg gangavstand frå der dei bur.
- Gjenbruksanlegg skal ikkje finansierast på ein slik måte at det er naudsynt med stadig meir søppel for å få anlegga til å gå rundt økonomisk.
- Kommunale kantiner bør innføre minst éin kjøtfri dag i veka.
- Kommunen skal leggje planar for korleis vi kan stoppe veksten i bruk av ikkje-fornybare ressursar.

Fossil eller fornybar framtid?

Raudt Oslo jobbar for at Noreg skal trappe kraftig ned i oljeutvinninga. Landet skal ikkje vere avhengig av forureinande og ikkje-fornybar olje.

Oljeutvinninga må byggjast kraftig ned til eit nivå som er berekraftig i hundrevis av år, og eksportverksemd som ikkje er petroleumsbasert, må oppretthaldast og vidareutviklast.

Oljefondet må investerast i framtidsretta føremål, mot ei berekraftig og fornybar framtid. Du kan lese meir om Raudt sin plan for framtida i [heftet *Fornybar framtid*](#).

5.3: Natur og grøntområde

Osломarka er eit unikt natur- og rekreasjonsområde for befolkninga som må takast vare på. Randsona mellom busetjinga og Marka må ikkje høllast ut, markagrensa må bestå. Her må natur- og kulturvern prioriterast over bustadbygging og nye idrettsanlegg. Raudt er mot å svekkje Marka-vernet ved å utvide høva til å byggje idrettsanlegg i Marka.

- Parkar, friområde og skog må takast vare på – og gjerne utvidast – slik at vi får fleire samanhengande grøntområde og trafikksikker tilkomst til gode friområde. Det må etablerast romslege parkområde, ikkje berre pyntestriper med grønt langs blokkene.
- Det må utarbeidast bindande grøntplanar. Østensjøvannet og områda rundt må takast vare på. Elvar og bekker som er lagde i røyr, må opnast i størst mogleg grad.
- Det bør opprettast fleire parsellhagar i Oslo.
- Vedlikehaldet av parkane og grøntområda i Oslo skal gjerast av kommunalt tilsette.
- Parkar som blir nytta av fleire enn berre innbyggjarane i bydelen og som ligg i gåavstand frå sentrum, må likestillast med parkane i sentrum. Kommunen må setje av like mykje pengar til å forvalte desse parkane som sentrumsparkane.
- Den mellombelse barnehagen på Ola Narr må avviklast seinast hausten 2016 og tilbakeførast parken slik han opphavleg var. Barna i den mellombelse barnehagen skal sikrast barnehageplass i nærmiljøet.

Naturvern og dyrevern er viktig for Raudt, ein kan ikkje setje ein pris på rein og urørt natur. Å ta omsyn til naturens tolegrensar og dyrevelferd inneber òg å ta vare på naturmangfaldet og økosystema.

- Område der raudlista dyre- eller planteartar held til eller veks, må vernast.
- Ulven i Oslomarka må vernast.
- Oslo kommune må støtte og leggje til rette for organisasjonar som hjelper dyr i naud.
- Raudt støttar etablering av freda urskogsområde.
- Ved nyplanting skal ein unngå allergifremmande og svartelista tre og buskar, og pollinerande insekt skal sikrast gode tilhøve. Stadeigne artar skal prioriterast.
- Verdifull jord (matjord) forsvinn i aukande tempo når nye eigedommar blir utvikla og vegar blir bygde. I saker med utbygging og bruksendringar skal jordvern stå i første rekkje.

5.4: Byøkologi

Det bør leggjast til rette for fleire byøkologiske bustadbygging og prosjekt i Oslo

- Oslo kommune bør setje i verk fleire byøkologiske pilotprosjekt med ulike typar bustader, for å hauste erfaringar om alternativ organisering av bymiljøet.
- Eksisterande byøkologiske pilotprosjekt må få føreseielege rammer og stønad til å drive med økologisk oppussing og rehabilitering av bygga sine.
- Tiltak for gjenbruk av materialar ved utbygging, oppussing og riving av bygg må bli påbodne.
- Bruken av miljøvenlege varmekjelder må utvidast. Alle kommunale nybygg skal installere solfangarar og/eller solceller. Høgus skal utgreiast for småskala vindkraftproduksjon på toppen.
- Det må stillast strenge krav til miljøstandarden ved nybygg og større rehabiliteringar. Nybygg bør vere «plussus», det vil seie bygg som produserer meir energi enn dei nyttar.
- Ved nybygging og større rehabiliteringar skal det stillast krav til handtering av avløpsvatn. Det bør blant anna leggjast til rette for kjeldeseparering som skil gråvatn frå svartvatn, slik at gråvatnet til dømes kan gjenbrukast lokalt.

Solfangarar på skuletak

I 2010 vedtok Oslo bystyre eit forslag frå Raudt om at det ved rehabilitering av skulebygg skal gjennomførast pilotprosjekt med installering av solfangarar.

Ein solfangar absorberer strålingsenergi frå sola og omdannar energien til varme som kan transporterast vidare til forbruk eller eit varmelager.

Nei til sirkusefantar

I 2014 fikk Raudt med seg et fleirtal i Oslo bystyre på at kommunen ikkje skal tillate sirkusefantar i framsyningar på kommunale tomter eller bygg.

Dessverre ville ikkje det same fleirtalet gå inn for ikkje å leige ut i det heile til sirkus som nyttar eksotiske dyr, som Raudt hadde foreslått. Berre SV støtta dette.

- Støy er eit miljøproblem for Oslo. Raudt støttar krav om auka løyvingar til støyskjerming.

6: Samferdsel

På skjener mot miljøbyen

Samferdselsframtida til Oslo ligg i framtidretta løysingar som tek omsyn til fellesskapen. Vi må velje kollektivtrafikk framfor privatbilisme, gåande framfor motorveg og syklande framfor parkeringsplassar. Der omsynet til mjuke trafikantar kjem i konflikt med privatbilar, må gåande og syklistar alltid prioriterast.

Raudt sitt mål er miljøbyen Oslo, ein by der innbyggjarane kan nyte rein luft og tryggleik for seg og sine når dei ferdast i bybiletet.

6.1: Fotgjengarar

Fotgjengarar står i dag for så mykje som 34 % av talet på reiser i Oslo, altså like mykje som biltrafikk. Likevel blir fotgjengarar ofte tilgodesett med dårlege løysingar som inneber omvegar, gjerne via utrivelege bruer og undergangar.

- Det må byggjast eit hovudgangvegnett over heile Oslo som er universelt utforma, altså tilgjengeleg for alle. Det bør i tillegg finnast eit sekundærgangvegnett med blant anna snarvegar og trapper, som eit supplement til hovudgangvegnettet.
- Gangvegar skal i størst mogleg grad ha trivselsfremmande utforming, skjerming mot biltrafikk, plantar som blir tekne vare på, og god opplysing.
- I villastrøk bør gateparkering reduserast og fortau leggjast der dette manglar.
- Gangvegar og fortau skal driftast heile vinteren, og universell utforming må oppretthaldast sjølv om det snør. Eldre og funksjonshemma har rett til å kome seg ut òg om vinteren.
- Ved naturlege knutepunkt må det setjast opp kart som gir informasjon om gangvegar, målpunkt og kollektivhaldeplassar i nærleiken. Skilting og informasjon er svært viktig for å få fleire til å gå.
- Barneskular skal alltid ha trygg tilkomst for gåande.

6.2: Sykling

Syklistar tek mindre plass i trafikken og støyar mindre enn bilistar. I dag blir ikkje framkomsten for syklistane prioritert i Oslo.

Politikken ber òg preg av motstridande interesser mellom syklistar og bilistar på grunn av dårleg planlegging.

- Det skal alltid leggjast til rette for syklistar ved bygging eller ombygging av vegar. Der omsynet til sykkel kjem i konflikt med privatbilar, skal sykkel prioriterast.
- Sykkelvegar skal haldast frie for parkerte bilar og andre hindringar. Vedlikehald av sykkelvegane må prioriterast. Sykkelvegar og -felt må brøytast om vinteren.

Oslopakke 3

Det er eit politisk ansvar å leggje til rette for at det blir enkelt, billig og komfortabelt å reise og leve miljøvenleg i Oslo. Den store samferdselssatsinga i Oslo-pakke 3 legg opp til kraftig vekst i biltrafikken, og Raudt har derfor stemt mot.

Vi vil leggje Oslo-pakke 3 til side og heller forhandle fram ei miljøpakke for Oslo og Akershus som prioriterer omsynet til bymiljøet og klimaet.

Eit nytt **sykkelnettverk** for Oslo.

- Planlagde sykkeltrasear må ferdigstillast snarast. I tillegg må eit langt meir finmaska sykkelnettverk planleggjast og byggjast, som gir kort veg til nærmaste trygge og effektive rute.

- Standarden på dei eksisterande sykkeltraseane må hevast for å fjerne trafikkfeller, flaskehalsar og hindringar.
- Det bør byggjast dedikerte sykkelgater i Oslo, med køyrebane for syklistane og breie fortau for gåande.
- Nye sykkelfelt og sykkelveggar skal byggjast etter beste tilgjengelege utformingsstandard, ein skal ikkje vera bunden av standarden på tidspunktet reguleringsplanen blei vedteken.

Sikker **sykkelparkering og fleire bysyklar** er viktig for at fleire skal ta i bruk sykkel til og frå jobb og på reiser rundt i byen.

- Fleire stader innanfor Ring 2 bør P-plassar for bil erstattast med sikre parkeringsplassar for sykkel. Det må byggjast sikker sykkelparkering ved haldeplassar for T-bane, trikk og buss.
- Oslo er ein by med mange bakkar. Ved sentrale knutepunkt bør det byggjast sikker sykkelparkering med ladestasjonar for el-syklar.
- Det må krevjast sykkelparkeringsplassar ved alle nærings- og kulturbygg. Butikkar over ein viss storleik (1000 kvadratmeter) må bli pålagde å lage parkeringsplassar for sykkel.
- Oslo kommune må overta bysykkelordninga, utvide sykkelparken og etablere stativ ut til Ring 3 og til Oslo sør, bydel Østensjø og Groruddalen.
- Oslo kommune bør starte eit toårig prøveprosjekt med elektriske bysyklar.

6.3: Kollektivtrafikk

Det politiske fleirtalet har i sin privatiseringsiver splitta og komplisert konglomerat av ulike selskap. Dette har ført til korrupsjon og ekstra utgifter på fleire millionar. Raudt vil i Oslo kommune og knytte til kollektivtransporten, i ein felles kollektivtransport som einaste arbeidsområde. Da sikrar vi heilskapleg styring og utvikling.

- Det må leggjast ein forpliktande plan for å ta igjen vedlikehaldsetterslepet.
- Butikkar og kjøpesenter over 1000 kvadratmeter og arbeidsplassar med over 100 tilsette skal ha sanntidstavler med informasjon om kollektivavgangar frå dei nærmaste haldeplassane.
- Raudt vil ta vare på kollektivtrafikken som eit reelt transportalternativ òg der han til tider er lite brukt.

Raudt jobbar for at **kollektivtransport i Oslo skal vere gratis** å bruke for alle, finansiert av fellesskapen. Vi støttar derfor all reduksjon av passasjerbetaling på buss, trikk, T-bane og tog.

- Sone 1 må utvidast, slik at det blir innført vanleg lokaltakst for reiser til og frå Oslo/Akershus.
- Vaksenbillett skal gjelde frå 18 år, ikkje 16 år som i dag.
- Studentrabatt på kollektivtrafikk skal ikkje ha noka øvre aldersgrense.
- Alle som lever på økonomisk sosialhjelp, skal ha rett til honnørrabatt på kollektivtrafikken.
- Driftstilskotet til kollektivtransporten må trappast kraftig opp.

Kollektivkorrupsjon

Hausten 2011 sprakk Unibuss-saka i media. Etter kvart blei det avdekt ein omfattande korrupsjonskultur i selskapet (eigd av Oslo kommune), der fleire skal ha motteke store verdiar, tenester og pengesummar.

Raudt tok tak i saka i 2008, da Erling Folkvord leverte kontrollutvalet i Oslo eit notat og dokumentasjon på sannsynleg korrupsjon. Året etter leverte Kommunerevisjonen ein rapport om Sporveisbussene AS, der ei lang rekkje kritikkverdige forhold blei påpeika.

Verken daverande styreleiar Michael Tetzschner (H), daverande byråd Peter N. Myhre (Frp) eller etterfølgjande byråd Jøran Kallmyr (Frp) fann grunn til å følgje opp. I 2011 blei den første Unibuss-tilsette pågripen av politiet.

I skrivande stund er seks personar dømde i Unibuss-saka sidan 2011.

Trikk, tog og T-bane, kollektivtransport på skjener, er effektivt og miljøvenleg. Kapasiteten på eksisterande skjenegående kollektivtransport i Oslo er sprengd, spesielt austover.

- Ny T-banetunell og ny togtunell gjennom sentrum må straks planleggjast.
- Raudt går inn for forlenging av eksisterande skjenenett til Ahus og at forlenginga blir innlemma i sone 1.
- Det må leggjast opp til 10-minuttsrute på alle T-baneruter. I rushtida må T-banen gå enda oftare. Avgangsfrekvensen må opp på alle lokaltoglinjer.
- Nattilbodet på trikk og buss må utvidast.

Buss og båt er eit godt og fleksibelt alternativ. Nye bussar og båtar som blir kjøpte inn, må alltid vere det mest miljøvenlege alternativet som er å få.

- Talet på kollektivfelt i Oslo må aukast. Der det manglar kollektivfelt på dei store innfartsvegane, samt på Ring 3, må eit av dei eksisterande køyrefelta gjerast om til kollektivfelt.
- Kollektivtrafikken må få prioritet i kryss og på stader der han er plaga av forseinkingar.

Tilrettelagd transport (TT) er ei transportteneste for folk som av ein eller annan grunn ikkje kan nytte det vanlege kollektivtilbodet. TT er ei erstatning for vanleg kollektivtransport.

- TT-tilbodet må samlast organisatorisk med det vanlege kollektivtilbodet. Transporttenesta til funksjonshemma som ikkje kan nytte vanleg kollektivtransport, eignar seg ikkje for anbod.
- Eigendelen på TT-reiser skal ikkje vere høgare enn billettprisen på vanleg kollektivtransport. Taket for tal på TT-reiser må fjernast.
- TT-tilbodet må utviklast i nært samarbeid med brukarane og brukarorganisasjonane.
- All kollektivtransport og alle haldeplassar i Oslo skal vere universelt utforma. Òg menneske med orienterings- eller rørslehemmingar skal kunne nytte seg av kollektivtilbodet i Oslo.

6.4: Bil

Gratis kollektivtrafikk

Raudt Oslo har i fleire år føreslått å greie ut om kollektivtrafikk utan passasjerbetaling i Oslo, men ikkje eingong det vil dei andre partia vere med på.

Om Oslo fjerner passasjerbetaling samtidig som tilbudet oppgraderes skikkelig, og det innføres strenge restriksjoner på biltrafikk, vil det gjøre byen renere og enklere å ta seg fram i for oss alle.

Raudt støttar vegprosjekt som gir klare miljøvinstar for i prosjekt som gir kapasitetsauke på vegnettet, og ønskjer i staden tiltak som reduserer bilbruken. Oslo har ikkje høve til å halde tritt med kapasitetsbehovet slik byen blir styrt i dag. Dette er ein viktig grunn til at Raudt har stemt mot Oslopakke 3.

Nei til Vestkorridoren

«Vestkorridoren» (ny E18 vest) må ikkje byggjast ut, slik Oslopakke 3 føreset. I staden må eit av køyrefelta på dagens E18 vestover gjerast om til kollektivfelt.

Den planlagde store utbygginga av E18 vestover vil auke vegkapasiteten inn til Oslo kraftig og vil føre til ein auke i personbiltrafikken på kostnad av kollektivtransporten. Det vil òg gi auka utslepp av klimagassar og føre til høgare luftforureining i byen.

Oslo toler ikkje fleire bilar inn i byen. Vi blir kvelte av forureining.

- Oslo sentrum må bli personbilfritt, i første omgang innanfor Ring 1. Gatenettet her bør vere øyremerkt mjuke trafikantar, kollektivtrafikk og annan nyttetraffic (som varelevering og utrykking). Folk med funksjonshemmingar må ha høve til å køyre og parkere innanfor Ring 1.
- Ved utbygging av lokk og tunellar må ein reinse avgassar og fjerne svevestøv, slik at tiltaka ikkje berre har effekt mot støyforureining. Piggdekkavgift og miljøfartsgrenser blir oppretthaldne for å avgrense luftforureining.
- Snømoking av veg skal gjerast av det offentlege. Eit problem i dag er at innleigde firma som skal moke vegane, ikkje har utstyret for å fjerne snøen og ikkje utstyret for å sikre sykkel- og gangtrafikk.

Parkeringsplassar for bil tek opp verdifull plass i det offentlege rommet. Plass er i Oslo ein avgrensa ressurs som først og fremst må kome fellesskapen til gode.

- Det bør byggjast egne parkeringsplassar for bilkollektiv i alle delar av byen, særleg ved trafikknutepunkta.
- Systemet med innfartsparkering ved kollektivknutepunkt i utkanten av byen må vidareutviklast. Inntil kapasiteten på tog og T-bane inn mot byen er tilstrekkeleg utbygd, bør det opprettast ekspressbussar frå innfartsparkeringane inn til sentrum.
- Parkeringskort for menneske med funksjonshemmingar er i dag ettertrakta for kriminelle. Det må utviklast eit system som gjer at parkeringskorta ikkje kan omsetjast eller takast i bruk av andre.

Elbil er ei delløysing på klimakrisa. Men uansett drivstoff krev produksjon av bilen mykje energi, han tek stor plass i bybiletet og bidrar til svevestøv. Raudt Oslo støttar derfor først og fremst kollektive løysingar, og vil stanse vidare utbygging av gratis P-plassar for elbilar.

6.5: Nyttetraffic

Mindre privatbilisme vil gi betre framkomst for godstransport og yrkestrafikk. Prioritet til yrkestrafikk vil gi større effektivitet, og betre framkomst for politi, brannbilar og ambulanse vil gi oss ein tryggare kvardag.

Varelevering til Oslo må organiserast slik at transportvegen blir kortast mogleg, det vil gi mindre utslepp. Det er òg viktig å få så mykje som mogleg av varetransporten vekk frå vegane og over på skjener og skip.

- Det må leggjast opp til eit eige tungtransportnett og forbod mot slik køyring mellom kl. 22 og 6 i bustadområde.
- Det trengst egne parkeringsanlegg for langtransporten, blant anna på Alnabru, for å unngå trailerparkering i bumiljø eller på parkeringsplassane ved markagrensa. Kommunen må skaffe tomt til trailerparkering, slik at langtransportsjåførane får akseptable forhold.
- Alnabruterminalen må utviklast, slik at han saman med hamna blir eit plasseffektivt, berekraftig og framtidsretta logistikkcenter. Det må byggjast av- og påkøyringsramper på Alnabru og direkte tunell mellom E6 og terminalområdet.
- Hamna må få tilstrekkelege areal og ressursar til å drive moderne hamnedrift. Oslo hamn er ein hjørnestein i næringslivet i Oslo, og bidrar til å redusere miljøskadeleg transport på veg.
- Oslo hamn og jernbane i byen må finansierast over kommunebudsjettet, ikkje ved tomtosal til høgast mogleg pris.

7: Bustad

Folk treng hus, hus treng folk

Alle treng bustad, og få treng meir enn éin bustad av gongen. Det vil derfor vere rasjonelt, effektivt og samfunnsøkonomisk fornuftig om bustaden er ein del av den felles infrastrukturen i samfunnet. Det har gjennom tidene variert mykje i kor stor grad dette har vore tilfelle, men i dei siste 20–30 åra har det vore ein sterkt aukande tendens til at bustad er eit privat ansvar basert på marknadsmessige prinsipp. Raudt vil ha ein bustadpolitikk som motverkar dette.

Aktiv offentleg bustadpolitikk

Ein aktiv bustadpolitikk betyr òg at ein ser innbyggjarane sine behov, framfor behova til marknaden. I ein stadig trongare bustadmarknad er det fleire og fleire innbyggjarar som ikkje maktar å kjøpe seg inn på bustadmarknaden. Dei står da igjen med valet om å leige hos private bustadhaiar som profitterer på den tronge bustadmarknaden. Mange må ta opp store bustadlån, som gir stor risiko om noko skulle skje.

Det enklaste grepet kommunen kan ta, er å bli ein aktiv deltakar i bustadbygginga.

Kommunen er ein stor tomteeigar med solid økonomi. På same måten som kommunen byggjer vegar og skular til folk, må han kunne byggje bustader av dei typane og storleikane det er behov for. I staden sel Oslo ut tomter og overlèt til private profittørar å byggje ut det dei kan få rask inntening på.

- Salet av kommunale tomter og gardar må stansast. Kommunen må overta private tomter som eignar seg til bustadbygging.
- Nye område må byggjast ut i kommunal regi. Bygardar og tomter som ikkje blir haldne ved like, må eksproprierast.
- Bustadbygging og byutvikling må styrast demokratisk. Utbygging og planlegging av Oslo må styrast av oss som bur her, ikkje av egedomsinvestorane sine krav til høge overskot.
- Kommunen skal skaffe bustad til dei som ikkje kan sørge for dette sjølv. Bustadlause skal skaffast føremålstenleg bustad innan ein månad.
- Det må opprettast eit kommunalt bustadtilsyn som kontrollerer at bustadutleigarar etterlever dei reglane som er knytte til drift og utleige av bustad, til dømes brannvernlova.

7.1: Kommunale bustader

Leigeprisane i dei kommunale bustadene skal dekkje drift og vedlikehald, samt byggjekostnader fordelt på lang avskrivningstid (t.d. 70 år). Generell infrastruktur i områda (som veg, vatn, kloakk, parkar og skular) må dekkjast av den store fellesskapen, altså av kommunens felleskasse. Dette gjeld òg i område som blir bygde ut av private.

Ein stor kommunal leigesektor med eit prisnivå som skildra over vil òg føre til redusert prisnivå i den privateigde bustadmassen. I reguleringsplanar for område med ny bustadbygging må det sikrast at kommunen kan disponere minst ti prosent av bustadene til utleige.

- Kommunale leigebustader bør gjerast til ei vanleg buform over heile byen – skap allsidige bumiljø.
- Det må byggjast eit stort tal kommunale utleigebustader.
- Leigebuarane sine organisasjonar skal vere representerte i styret for forvaltinga av kommunale bustader.
- Buoppfølgingstenesta i bydelane må styrkjast.
- Forvaltinga av kommunale bustader blir lagd til ein bustadetat. Bustadene skal ikkje forvaltast av eit kommunalt føretak (KF) som har overskot som føremål.

Kommunale bustader

I dag ligg halvparten av dei kommunale bustadene i byen i tre bydelar i Oslo indre aust. Mange av bustadene har i fleire tiår forfalle på grunn av manglande vedlikehald.

I 2004 blei det innført marknadsleige og slutt på all subsidiering av husleige i kommunale bustader. I staden skulle dei som trong det, få direkte statleg bustønad. Samstundes kom nye og strengare reglar for kven som skulle få leige kommunal bustad.

7.2: Ikkje-kommersielle bustader for kjøp og sal
I København finst det allmennyttige bustader for kjøp og sal utan profitt, men i Oslo er folk prisgitt marknaden. Oslo treng ikkje-kommersielle bustader.

Utbygging av ikkje-kommersielle bustader krev at Husbanken får auka rammer til å finansiere bustadbygging, medan bustadbyggjelaga får ei gjenkjøpsplikt, slik at alle fritt kan selje tilbake når dei måtte ønskje. Gjenkjøpsprisen skal vere kjøpspris pluss prisregulering i den perioden ein har eigd bustaden. Utbyggjarar som byggjer ikkje-kommersielle bustader, må få tilbod om tomter til ein rimelegare pris enn det som normalt kan oppnåast i marknaden.

7.3: Buformer og standardar

Dei fleste bustader i Oslo er bygde for folk som bur aleine eller i ein familie. Vi treng eit meir variert tilbod av buformer. Det må leggjast til rette for alternative buformer, som til dømes kollektiv.

- Universell utforming bør vere standarden ved nybygg og rehabilitering.

- Det må stillast krav om at leilegheiter skal vere gjennomgåande for å sleppe til lys og luft.
- Raudt Oslo går inn for forbod mot eittromsleilegheiter ved nybygging eller større rehabiliteringar.
- Gardsrommet og avstanden mellom blokker må vere store nok til at alle leilegheiter får ettermiddagssol. Balkongar og takterrassar skal ikkje reknast som uteareal i reguleringssamanheng.
- Det må utviklast tilpassa bualternativ for folk som av helsemessige eller andre grunnar treng det.

8: Barnehage og skule

Gratis for alle, med nok vaksne

Gode barnehagar og skular sikrar utvikling og likeverdige vilkår for oppvekst og læring.

Foreldrebetaling og eigendelar forsterkar skilja mellom barn frå rike og fattige familiar.

Derfor jobbar Raudt for at barnehage, skule og aktivitetsskule (SFO) skal vere gratis, slik at alle kan delta på lik linje.

Skulane og barnehagane i Oslo må ha nok lærarar og assistentar til å planleggja, undervise, følgje opp og tilretteleggje for alle barn og elevar. I skulane må talet på elevar per klasse ned, lærarane skal kunne sjå og kjenne kvar einskild elev godt. I barnehagane må det vere nok vaksne til å gi alle barna tryggleik, og nok pedagogar til å sikre gode og utviklande barnehageår.

8.1: Barnehage

Barnehagen skal vere ein stad for omsorg, leik og læring. Utvikling av eit godt sjølvbilete, sosial kompetanse, språk og kreativitet er det viktigaste i barnehagen. Barn er nyfikne og lærer lett, men det må skje på premissane til barna og leiken. Innføring av kartlegging og snevre læringsmål går på kostnad av dei tilsette si tid med barna og barna sitt høve til å utvikle seg i sitt eige tempo.

Barnehagane må ha god nok kapasitet til å kunne ta inn barn i løpet av året. Dette gjeld spesielt dei yngste barna. Foreldre skal ikkje vera nøydde til å passe på at barn blir fødde før 1. september for å sikre at dei får barnehageplass i hovudopptaket.

- Alle barn skal ha rett til gratis heildagsplass i barnehage. I første omgang må alle 4- og 5-åringar få tilbod om gratis kjernetid (20 t per veke). Ordninga må etter kvart utvidast til å gjelde alle barn under skulealder.
- Alle skal ha rett til barnehageplass i eigen bydel.
- Bygging og drift av barnehagar er eit offentleg ansvar. Det må byggjast fleire kommunale barnehagar, og barnehagar i kommunale barnehagebygg skal driftast av kommunen.
- Private kommersielle barnehagar skal overtakast av kommunen. Fram til da må kommunen krevje tariffavtale i private barnehagar. Ved tildeling av kommunal støtte til private barnehagar skal det setjast som vilkår at dei tilsette blir sikra retten til tariff- og pensjonsavtalar.
- § 14 a i barnehagelova – som avgrensar høvet til å ta ut overskot – skal følgjast og praktiserast strengt.

God **bemanning og tilsette** med god fagleg kompetanse gir gode barnehagar.

- Bydelane må minimum følgje bemanningsnorma i Oslo kommune (3 vaksne per 18 store barn, og 3 vaksne per 9 små barn). Det skal setjast inn vikarar ved fråvær frå første dag.

- Den pedagogiske bemanninga må aukast. Alle avdelingar må ha pedagogisk leiar. Det skal minst vere éi styrarstilling per tre avdelingar.
- Bemanninga i private barnehagar skal ikkje vere dårlegare enn minimumsnorma.
- Dei tilsette skal ha tid til å sjå og følgje opp kvart barn og deira behov. Tiltak som bidrar til innføring av konkrete læringsmål og kartlegging av alle barn må skrinleggjast.
- Assistentar i barnehagane skal få tilbod om kompetanseheving slik at dei kan ta fagbrev eller vidareutdanne seg til barnehagelærarar.
- Det må tilsetjast kjøkenassistentar igjen, slik at barna blir sikra sunn mat i barnehagane.
- Barnehagane er den viktigaste inkluderingsarenaen vår, der leik og læring går hand i hand. Det er i hovudsak i barnehagen minoritetspråklege barn lærer norsk. Språk er dørøpnar til både leik, kunnskap og å kunne delta og fungere i eit demokrati. Å meistre norsk er eit naudsynt utgangspunkt for vidare læring.
- Det må sikrast eit fullverdig tilbod til barn med spesielle behov og rett til opplæring etter opplæringslova. Bydelane må få øyremerkte midlar både til å styrkje fagsentera og for å betale for vedtak etter opplæringslova.
- Tilsette som treng det, må få opplæring i norsk, både faste tilsette og vikarar.
- Større tettleik av tilsette der det er mange barn med minoritetsbakgrunn.
- Det blir innført gratis byomfattande tolketeneste. Skriftleg informasjon til foreldre skal vere tilgjengeleg på morsmålet til foreldra.
- Den tilrådde statlege arealnorma skal følgjast ved at Oslo kommune vedtek retningslinjer for areal ute og inne. Desse skal gjelde både for tradisjonelle avdelingsbarnehagar og basebarnehagar.
- Små barnehagar må takast vare på, og store barnehagar må byggjast slik at det sikrar små einingar. Barn og vaksne har det betre om dei er trygge, og det blir best sikra i små faste einingar.
- Oslo kommune bør ha ein del barnehagar med utvida opningstid, slik at det òg finst eit tilbod for foreldre som arbeider skift eller turnus. Dette inkluderer nattopne tilbod om barnetilsyn for foreldre som jobbar natt, og ikkje har andre tilsynshøve. Utviklinga av eit slikt tilbod må skje i nært samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar.

8.2: Grunnskule

Ein god, offentleg skule skal gi alle barn og unge rett til tilpassa og likeverdig opplæring.

Raudt vil ha ein offentleg skule som rommar ulike pedagogiske retningar, og som opnar for større forsøksverksemd enn det skulen gjer i dag.

Det må blant anna jobbast med å utvikle vurderingsformer som er betre enn dagens karaktersystem. Alle forsøk med alternative vurderingsformer må følgjast av ressursar som gir lærarane tid til å delta aktivt. Raudt vil ha forsøk med karakterfri vurdering i ungdomsskulen.

- Grunnskulen skal vere leksefri. Opplæringa skal skje på skulen.
- Retten til spesialundervisning i nærskulen må forsvarast. Skulane må få ressursar til å følgje opp alle vedtak om spesialundervisning.
- Alle barn må sikrast symjeundervisning som gjer dei trygge i vatn og symjedyktige. Elevar som ikkje er symjedyktige innan utgangen av 4. trinn, skal få tilbod om gratis symjeopplæring utanom skuletid.

Osloprøven og nasjonale prøvar må avviklast

Vi må stoppe prøvepresset på elevane og gi lærarane tid til å drive med opplæring, ikkje «drilling» før testar.

Dei standardiserte prøvane, som byggjer opp under nyliberale målingssystem av typen PISA og TIMSS, bidrar ikkje til kvalitetsheving i skulen. Prøvane fokuserer på ein liten del av oppgåvene til skulen og bidrar til at undervisninga blir vridd mot reproduksjon av kunnskap på kostnad av forståing og kunnskapsutvikling. Dette er ikkje til elevane sin fordel.

Prøvane må avskaffast, og i staden må det utarbeidast gode kartleggingsverktøy, som gir lærarane innsikta dei treng for å kunne følgje opp elevar som treng det.

- Det skal vere livssynsnøytral undervisning i alle fag, fri for forkynning. Skulegudstenester skal vere eit reelt frivillig tilbod og liggje utanom ordinær skuletid.
- Morsmålsopplæringa blir gjeninnført. Nykomne skal få vere i mottaksklassar til dei meistarar norsk godt nok til å gå i ordinære klassar.
- Rådgivingstilbodet i ungdomsskulen må styrkjast, slik at elevane betre kan velje ei utdanning som er riktig for dei.
- Tid nytta på elevrådsarbeid skal ikkje reknast som fråvær. «Klassens time» blir gjeninnført.

Raudt vil ha slutt på at «pengane følgjer elevane» i Osloskulen. Skulane må få tildelt pengar etter kor mange klassar dei har, ikkje etter elevtalet. I tillegg må skulane få dekt reelle lønsutgifter og få øyremerkte midlar til å dekkje utgifter til spesialundervisning. Det må lagast eit varslingsystem som gjer det mogleg for lærarar og føresette å melde raskt frå når elevar ikkje får det tilbodet dei har krav på etter lover og føresegner.

- Det skal vere maks 20 elevar per klasse i grunnskulen.
- Skulebygg bør vere baserte på ein tradisjonell modell med eit fast klasserom til ei fast elevgruppe.
- Raudt vil fjerne ordninga med fritt skuleval. Skular som har vanskar, må få hjelp, ikkje straffast med elevflukt. Det frie skulevalet bidrar til å øydeleggje nærskular og lokalmiljø.
- Prosjekt med offentleg/privat samarbeid (OPS) for skulebygg må avvisast. Skulebygg skal tilbake til full offentleg styring. Nyetableringar av privatskular må avvisast.
- Det må løyvast nok pengar til kontinuerleg vedlikehald, opprusting og modernisering av skulane. Fortgang i arbeidet med å byggje nye skular.

8.3: Aktivitetsskulen

Barn som går i 1.–4. klasse, har rett til å vere på aktivitetsskulen. I dag bestemmer prisen kven som kan delta. Aktivitetsskulen må bli tilgjengeleg for alle, uavhengig av økonomi. Det viktigaste med aktivitetsskulen skal vere det sosiale og læring av språk gjennom leik, måltid og aktivitetar.

- Det må innførast gratis skulefritidsordning for barn i 1.–4. klasse. Raudt vil igjen gjere framlegg om ein nedtrappingsplan for foreldrebetaling i aktivitetsskulen.
- Barnegruppene i aktivitetsskulen skal vere på maksimum tjue barn. Areal- og bemanningsnormer skal sikre barna gode og trygge forhold.
- Gratis etterskuletidsordning blir etablert for alle barn og unge med funksjonsnedsetjing.
- Den pedagogiske bemanninga og mengda barne- og ungdomsarbeidarar i aktivitetsskulen blir auka.
- Skulen og aktivitetsskulen bør samla sett ha eit godt tilbod om servering av mat.

Aktivitetsskulen, AKS, SFO ...

Ifølgje opplæringslova skal alle kommunar ha tilbod om skulefritidsordning for 1.–4. årstrinn, og for barn med særskilde behov på 1.–7. årstrinn. I Oslo heiter denne ordninga «Aktivitetsskulen» (AKS).

8.4: Vidaregåande skule

Den vidaregåande opplæringa skal vere eit tilbod som gir elevane kunnskap og ferdigheiter som anten kan føre dei direkte ut i yrkeslivet, eller over i vidare studium. Dette gjeld òg elevar med behov for omfattande tilrettelegging og spesialundervisning.

Stykkprisfinansieringa av den vidaregåande skulen må endrast til ei rammefinansiering. Skulane må få tildelt midlar etter talet på klassar og behov for utstyr på dei ulike studieretningane. Skulane må få dekt reelle lønsutgifter og få øyremerkte midlar til å dekkje utgifter til spesialundervisning.

- Det skal vere maks 12 elevar per klasse på yrkesfaglege studieretningar og maks 24 elevar per klasse på studiespesialiserande.
- Raudt vil støtte forsøk med alternative vurderingsformer. Forsøka bør omfatte ulike alternativ til standpunktkarakterar og eksamen, særleg vurderingsformer utan karakterar.
- Gratis læremiddel på alle studieretningar.
- Det må finnast nok lærlingplassar til at elevane på dei yrkesfaglege linjene får fullført utdanninga.
- Karakterbasert opptak blir fjerna. Det må lagast eit opptakssystem som sikrar flest mogleg av dei som ønskjer det, høve til å gå på ein skule i nærmiljøet. Samstundes må det jobbast for at dei vidaregåande skulane blir ein positiv møteplass for elevar frå ulike delar av byen. Opptak må gi tryggleik for framtida. Ein elev som er kvalifisert til ein plass på VG1-kurs på ein skule, må ha rett til å fullføre skulegangen på same skule.
- Gjenopprett APO-skulane (Arbeid, Produksjon, Opplæring). Desse har vore det einaste konkrete alternativet til vanleg vidaregåande skule i Oslo. Her får elevane ei meir praktisk retta utdanning i eitt år, der arbeid i ungdomsbedrifter blir kombinert med teori.

8.5: Oslo som studentby

Raudt Oslo vil at det skal vere mogleg å vere heiltidsstudent i Oslo, og vi vil derfor jobbe for eit tilfredsstillande velferdstilbod for studentane. Betre tilgang på billige bustader er ein føresetnad for at Oslo skal bli ein god studentby, det må byggjast langt fleire studentbustader enn det eksisterer planar for i dag. Dette krev både auka statlege tilskot og at kommunen aktivt legg til rette for bygging av studentbustader.

- Studentrabatt på kollektivtransport skal gjelde alle studentar og alder.
- Kulturtiltak som får støtte frå Oslo kommune, skal ha studentrabatt. Dette skal òg gjelde konsertstader og teater.

9: Helse og velferd

Få etter behov

Oslo kommune sine helse- og sosialtenester er avgjerande for velferda til innbyggjarane. Raudt meiner innbyggjarane skal få dei tenestene dei har behov for, uavhengig av eigen eller familiens økonomi.

Gjentekne budsjettkutt og overføring av oppgåver til bydelane utan medfølgjande finansiering har ført til at mange i Oslo ikkje får den hjelpa dei treng. Dette gjeld blant anna heimetenester, tilbod om sjukeheimplass, tverretatleg rehabilitering og økonomisk sosialhjelp. Resultatet er aukande helseforskjellar i ein allereie klassesdelt by.

- Utgifter til omfattande tiltak for einskildpersonar innanfor til dømes barnevern og psykiatri må dekkjast frå kommunen sentralt, slik at uventa flyttingar ikkje øydelegg bydelsøkonomien.
- Eigendelane på personleg assistanse, tryggleiksalarm, blå reseptar, legevakt, vaksinar og andre ordinære helsetenester må fjernast. Bruken av eigendelar råkar hardast dei som har minst.
- Tolketenesta for legevakt, spedbarnskontroll og liknande må styrkjast.

Samhandlingsreforma

Samhandlingsreforma handlar om samarbeidet mellom kommunale og statlege helsetenester og kven som skal ha ansvaret for kva. «Reforma» blei innført frå 2012 for å spare pengar i den statlege spesialisthelsetenesta.

Pasientane blir no skrivne ut frå sjukehus langt tidlegare enn før, og ansvaret for dei blir gitt til kommunen (eller bydelane, i Oslo). Dette har gitt eit monnaleg auka behov for heimesjukepleie og praktisk hjelp i heimen.

Samhandlingsreforma har òg lagt auka press på sjukeheimane, særleg korttidsavdelingane som får dei sjukaste «ferdigbehandla» pasientane, eller også døyande pasientar som tidlegare fekk vere på sjukehus.

Samstundes har det politiske fleirtalet i Oslo kutta i bydelsbudsjetta, noko som sjølvsagt fører til at bydelane må kutte hardt i tenestene – både lovpålagde og ikkje-lovpålagde – for å få økonomien til å gå rundt.

- Offentleg tannlegeteneste skal vere eit gratis tilbod for alle.
- Det bør opprettast folkehelsesenter med tverrfaglege tilsette. Det bør òg tilsetjast fleire folkehelsekoordinatorar.
- Raudt seier nei til natteskjening i bustadstrøk, òg i armane på «skjenkjeblekkspruten». Buområde skal vere buområde. Vi vil ha ein praksis med nabovarsel før søknader om skjenkjeløyve blir behandla.

9.1: Eldreomsorg

Ressursane til fellesskapen skal nyttast på å gjere det kommunale tilbodet best mogleg, med god, stabil og heilskapleg oppfølging av dei gamle som treng det. Vi vil avvikle kontraktane som kommunen har med kommersielle selskap og føre oppgåvene tilbake til kommunen. Kommunen skal ikkje kaste vekk pengar og merksemd på å sikre private drivarar profit.

Det blir stilt altfor strenge krav for å få innvilga sjukeheims plass. Raudt ønskjer ei sterk utbygging av sjukeheimar og andre butilbod for eldre. Inntakskriteria må vere like i heile byen. Det må vere tilstrekkeleg med faste plassar, slik at rehabiliterings- og utskrivingsplassane ikkje blir fylte av faste bebuarar.

Sykehjemsetaten blei oppretta primært for å konkurransetsetje sjukeheimar utan å måtte gå vegen om bydelsutvala. Ut frå ei slik målsetjing har Sykehjemsetaten vore ein suksess. Om ein derimot vurderer Sykehjemsetaten ut frå kvalitetssikringa av pasienttilbodet og god personalbehandling, har etaten vore ein katastrofe. Raudt Oslo går inn for å leggje ned Sykehjemsetaten og flytte ansvaret tilbake til bydelane.

- Eldre som treng varig sjukeheimsopphald, skal ha reell rett til å velje kvar dei vil bu. For å kunne gjennomføre dette, og bydelane sitt behov for å tilby avlasting og korttidsopphald, må plantala for belegg reduserast til 95 %.
- Bydelane skal sleppe å nytte av dei knapt tilmålte midlane sine for å betale for ledige sjukeheims plassar, desse må rammefinansierast av Oslo kommune sentralt.
- Ikkje-medisinske oppgåver (som reinhald og kjøken) skal framleis vere kommunale oppgåver.

Kvaliteten på velferdstenestene blir styrkt når vi gir dei tilsette kompetanse, tid og rom til å utvikle dei. Vi vil gi tilsette makt og høve til å forbetre velferdstenestene saman med brukarane.

Bemanninga i tenestene må styrkjast og aukast dersom bebuarane treng meir hjelp. Alle bebuarar må få kome opp kvar dag, få mat og stellast, og dei som kan, skal få seg ein tur ut kvar dag om dei vil. Reinhaldet må forbetrast, og det må nyttast pengar på vedlikehald og oppussing. I dag er kvaliteten og kompetansen for låg, og samarbeid med den det gjeld og dei pårørande er uorganisert.

- Det må til ein auka innsats for at aldersdemente skal kunne ha eit mest mogleg innhaldsrikt liv, både som heimebuande med dagsentertilbod, og på institusjon. Dei tilsette må få tilbod om etterutdanning på feltet.
- Tilbodet til eldre psykisk sjuke og eldre med rusproblem må styrkjast.
- Eldreomsorga må tilpassast det aukande talet på eldre med innvandrarbakgrunn. Kommunens tilbod må vere så mangfaldig at eldre menneske med ulik kulturell og språkleg bakgrunn skal ha fullverdige moglegheiter.
- Det bør gjennomførast forsøk med tilsett- og brukarstyrte sjukeheimar.
- Pårørande skal ikkje forventast å vaske tøy, gi mat eller delta i stell på sjukeheim.
- Det bør innførast pårørandeutval på sjukeheimane.

Den kommunale heimetenesta må styrkjast. Ho skal tilpassast behova til kvar einiskild og vere dimensjonert slik at ho i størst mogleg grad gir brukarane fast personell som dei kan vere trygge på.

- Såkalla «fritt brukarval» i heimetenesta må fjernast. Dette er i realiteten berre eit leverandørval, der dei eldre ikkje har noko å seie når det gjeld innhaldet i tenesta.
- Eigendelen for personar som har personleg assistent eller får praktisk hjelp i heimen frå heimetenestene til kommunen (som til dømes til reinhald, matlaging m.m.), må fjernast.
- Eigendelen for tryggleiksalarm må fjernast.

Eldresentera er viktige møteplassar i pensjonisttilværet. Dei bidrar til trivsel og helse, og er viktige kulturberarar.

- Eldresentera må vere lokaliserte nært brukarane, og transporten må vere organisert slik at dei eldre ikkje må bestille dagen før for å kome seg til senteret sitt.
- Nettet av eldresenter bør utvidast, gjerne kombinert med ei oppsøkjande teneste.

9.2: Sjukehus

- Aker sjukehus må opnast att og byggjast ut som nytt lokalsjukehus for Oslo.
- Dei offentlege sjukehusa må styrkjast, og alle forsøk på å nytte samhandlingsreforma som påskot for privatisering av helsetilbod må stansast.
- Oslo kommune må ta initiativ til å avvikle sjukehusreforma og få sjukehus underlagde direkte folkevald kontroll. Dei regionale helseføretaka må avviklast.
- Fødetilbodet ved sjukehusa i byen må utvidast slik at kvinner blir sikra fødeplass i Oslo, og ikkje som i dag bli sende ut av byen for å føde. Fødeavdelinga på Aker må opnast att. Helsestasjonane må styrkjast i takt med auka fødselstal.
- Det trengst eit betre tilbod om behandling av fødselsdepresjonar og andre problem som oppstår ved svangerskap og fødsel.

9.3: Psykisk helsevern

Tilbodet må dekkje folks behov når den psykiske helsa sviktar. Terskelen er ofte høg for å søkje hjelp med psykiske problem, sjølv om det er like normalt med psykiske lidingar som med somatiske. Akutttilbodet må styrkjast kraftig, døgnope tilbod kan redde liv.

Treffstader, sjølvhjelpstiltak og tilbod om rehabilitering i form av aktivitet – som til dømes diverse kafear, Fontenehusa og aktivitetskurs – må få trygge økonomiske rammer gjennom auka løyvingar frå kommunen.

- Akutttilbodet på dei distriktpsikiatriske sentera (DPS) må styrkjast og utvidast.
- Kommunane si førstelinjeteneste innanfor traume- og krisebehandling må styrkjast.
- Det offentlege ettervernet må styrkjast gjennom å skaffe bustad og jobb eller annan aktivitet.
- Bydelane må ha gode bu- og arbeidstreningstilbod og styrkje buoppfølgingsteama.
- «Aktiv på dagtid» og andre treningstilbod må vidareutviklast og utvidast. Auka løyvingar kan bidra til å sikre kontinuitet utover sjølv behandlingstilbodet i form av stadig fysisk aktivitet, pleie av nettverk og oppfølging.
- Det psykiske helsetilbodet til studentar må styrkjast gjennom å gi økonomisk stønad til bydelar med studentbustader.

Haldningskampanjar og folkeopplysing om mental helse, behandlingstilbod og kor viktig det er med relasjonar og tilhøyrse, bør frontast gjennom blant anna reklameplassar og plakatar i det offentlege rommet. Ein må oppmuntre til aktsemd og respekt for individuelle forskjellar.

9.4: Rusomsorg

Raudt jobbar for ein heilskapleg rusomsorg som tek utgangspunkt i den einskilde rusavhengige sine behov. Tiltaka må tilpassast brukarane, ikkje omvendt. Kommunens arbeid med avvenning og ettervern for å hjelpe menneske som er avhengige av alkohol og/eller lovlege legemiddel, må styrkjast.

Raudt er mot ein politikk som kriminaliserer folk med rusproblem. Ingen kjem seg ut av rusavhengnad ved å bli jaga frå stad til stad i byen. Rusavhengige skal ha rett til eit verdig liv.

- Brukarane skal lyttast til ved behandling av den einskilde og ved utvikling av framtidige tilbod. Dette er naudsynt for at kommunen skal lukkast betre med å hjelpe folk ut av rusavhengnad.
- Det må vere nok behandlingssjansar til at rusavhengige kan få hjelp når dei er motiverte for behandling. Det må òg vere tilstrekkeleg med akuttstasjonar.
- Det kommunale og tverretatlege rehabiliterings- og habiliteringstilbodet til rusmisbrukarar må styrkjast og utvidast.
- Det må opprettast ei akutteinig for dei som fell utanfor spesialisthelsetenesta sine kriterium for kva som er akutt avrusingsbehov.
- Fleire må få tilbod om offentleg legemiddellassistert rehabilitering (LAR), som metadon- og subutexbehandling.
- Raudt Oslo vil ikkje ha heroinutdeling.
- Tildeling av sals-, serverings- og skjenkjebeviljingar må nyttast for å redusere alkoholbruk og hindre geografisk overkonsentrasjon av skjenkjestader. Det er viktig å hugse på at dei aller fleste med rusproblem er avhengige av alkohol, ikkje narkotika.

Lågterskeltilboda er viktige for å nå folk når dei treng hjelp. Kort veg og enkel tilgang til hjelp vil bidra til at fleire oppsøker hjelp når dei treng det.

- Det må utviklast lågterskeltilbod til fleire enn dei som er tungt rusavhengige.
- Dei oppsøkjande tenestene må få fleire ressursar og utvida opningstider.
- Feltilbodet med helsehjelp og gatejuristordning må utvidast. Kommunen må, som del av det førebyggjande helsearbeidet, sørge for at det er mogleg å få tak i reint brukarutstyr døgnet rundt.
- Kapasiteten og opningstidene på sprøyterommet må utvidast.

Ettervernet må styrkjast. Når ein først har blitt rusfri, er det viktig at det er eit tilbod på plass. Tilrettelagde bustader, høve til utdanning, arbeidstrening, nettverk og fritidsaktivitetar kan hjelpe folk med å halde seg rusfrie.

- Det offentlege ettervernet må styrkjast, blant anna gjennom å skaffe bustad og jobb til fleire. Bydelane må ha gode tilbod for bu- og arbeidstrening.
- Det må vere fokus på ettervern gjennom heile rusbehandlinga. Tilbodet må tilpassast den einskilde, slik at alle får ein best mogleg sjanse til å bli rusfri.

9.5 Prostitusjon

Sexkjøpslova må forsvarast og handhevast. Kvinner i prostitusjon må få stabile hjelpetiltak, prosjekt som Rosa-prosjektet må gjerast faste og få auka ressursar.

- Prostituerte frå utanfor EØS-området må få opphald i Noreg, ikkje sendast ut i trafikkering på ny.
- Raudt ønskjer forbod mot strippeklubbar.

9.6: Vald mot kvinner

- Vald mot kvinner bør førebyggjast gjennom å arbeide for kvinners økonomiske sjølvstende og aktivitet i yrkeslivet. Mest mogleg sjølvstendige kvinner og jamstilte forhold legg eit godt grunnlag for forhold utan vald. Raudt ønskjer haldningskampanjar mot valdtekt, særleg retta mot ungdomsmiljø.
- Oslo kommune sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar må følgjast opp og forbetrast.
- Samarbeidet som bydelane og fleire etatar har med Oslo krisesenter må styrkjast.

9.7: Sosialtenester

Lov om sosiale tenester må praktiserast slik at minstesatsar ikkje blir nytta som «tak». Oslo kommune må kartleggje underforbruket av økonomisk sosialhjelp, og det må budsjetterast ut frå kva folk faktisk treng av hjelp.

- Satsane for økonomisk sosialhjelp må hevast til eit nivå som sikrar ein verdig levestandard. Statens institutt for forbruksforskning (SIFO) har gjort utrekningar av kva ulike husstandstypar treng, og denne norma bør nyttast.
- Kommunen må sikre at dei som er avhengige av støtte, faktisk får det dei treng: skikkeleg tak over hovudet, klede og sunn mat, og høve til å delta i samfunnet.
- Kontantstøtte skal ikkje gå til frådrag i økonomisk sosialhjelp.

9.8: Barnevern

Stadige kutt i løyvingane fører til at økonomiske omsyn går på kostnad av det faglege når det blir vurdert kva tiltak som skal setjast inn. Det har utvikla seg ein marknad med kommersielle selskap som tener pengar på barnevernsbarn. Dei ideelle organisasjonane blir skyvde ut av denne marknaden, og kvaliteten blir svekt.

- Raudt jobbar for full dekning i barnevernet – det kommunale tilbodet må dimensjonierast etter faktiske behov. Bemanninga og kompetansen i bydelsbarnevernet må styrkjast.
- Barnevernstiltak og -institusjonar skal i størst mogleg grad drivast i kommunal regi og med kommunalt tilsette.
- Ettervernet i barnevernet må styrkjast. Unge som har hatt behov for mykje hjelp frå barnevernet i barndommen, kan ha god nytte av til dømes økonomisk støtte og butilbod i overgangen til vaksenlivet.

9.9: Skulehelsetenesta og helsestasjonane

Alle grunnskular og vidaregåande skular som er omfatta av opplæringslova eller er godkjende etter privatskulelova, skal ha tilgang på skulehelseteneste. Tilbodet i Osloskulen i dag er ofte for knapt. Det er bydelane som betaler skulehelsetenesta, og når bydelane får stadig mindre pengar, blir kutta gjorde der det er mogleg. Skulehelsetenesta er eit viktig lågterskeltilbod til barn og vaksne i Oslo. Det må utarbeidast felles krav til skulehelsetenesta for heile Oslo med krav om synlegheit, nærvær og kvalitet.

- Alle elevar må sikrast god tilgang på helsesøster ved at nærværet av helsepersonell blir bestemt av elevtalet. Alle skular skal ha minimum éi helsesøster i 100 % stilling.
- Det må sikrast høg fagleg og sosial kompetanse på tilbodet.
- Informasjon om tilbod og treffetid må vere enkel å finne på den einskilde skulen.
- Tenesta må få ressursane til å gi større høve for individuelle samtalar.

Helsestasjon for ungdom er eit gratistilbod til ungdom frå 12 til 20 år, der unge blant anna får rettleiing om seksuell helse og psykisk helse. I dag har dei fleste helsestasjonane ope berre éin dag i veka. Dette tilbodet må styrkjast.

- Helsestasjonane skal vere opne minst to gonger i veka i alle bydelar. Talet på tilsette på helsestasjonane som har størst besøk, må aukast.
- Det skal tilsetjast minst éin psykolog på kvar helsestasjon.
- Tilbodet skal òg vere ope i skuleferien.

10: Kultur, idrett og fritid

Breidde framfor topp

Raudt ønskjer seg ein levande kulturby der pengane følgjer lokale initiativ framfor prestisjeprosjekt. Vi meiner at kultur også er politikk. Derfor vil vi stimulere mangfald i kulturlivet, blant anna kvinne-, arbeid- og minoritetskultur. Når marknaden får styre kulturlivet aleine, blir dei kulturuttrykka som ikkje har størst publikum svekte, derfor er det eit offentleg ansvar å støtte lokal kultur og stimulere utviklinga av nye uavhengige kulturelle uttrykk innan alle sjangrar.

- Det skal vere gratis tilgang til kommunalt eigde museum og galleri heile året.
- Den kulturelle skulesekken må styrkjast for å gi elevane eit meir allsidig tilbod, og gi tiltaket eit uavhengig sekretariat som fordeler midlane.
- Oslo musikk- og kulturskole må styrkjast. Eigenbetalinga må trappast ned med sikte på at tilbodet skal bli gratis.
- Byarkivet må få høve til å ta seg betre av privata minneinnsamling. Større delar av kulturarven må digitaliserast, og Byarkivet må få utvida magasinkapasitet.
- Trus- og livssynssamfunn skal få lik behandling. Det skal vere gratis bruk av Rådhuset ved humanistisk konfirmasjon og namnefest.
- Oslo kommune må sikre gratis trådløst internett i det offentlege rommet, i første omgang innanfor Ring 1.

Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal satsing som skal bidra til at elevar i grunnskulen og i vidaregåande opplæring får møte profesjonell kunst og kultur av alle slag. Skulesekken skal blant anna bidra til å gi barn kulturell kapital og kompetanse.

Deltaking i kulturaktivitetar gir tilhøyrse og sosial fellesskap, og gir oss opplevingar og rom til utvikling som menneske og samfunnsdeltakarar. Det er viktig at kultur- og utdanningsinstitusjonar blir jamnare fordelte utover byen, slik at alle får høve til å delta. Nye generasjonar og miljø må få rom til å utvikle sine eigne, uavhengige kulturelle uttrykk innan alle sjangrar.

- Kommunen skal leggje til rette for at lokale foreiningar og organisasjonar har lokale til møte og andre aktivitetar, som dansetilstellingar, kulturkafé og temamøte.
- Lokale kulturinstitusjonar, musikkorps o.l., må sikrast billigare kommunale lokale til øvingar og framføringar.
- Oslo kommune skal ikkje søkje om varemerkevern av offentleg eigd kunst som har «falle i det fri».

Kunst «fallen i det fri»

I Norge fell åndsverk «i det fri» 70 år etter opphavsmannens død. Da vil verket høyre til vår felles kulturarv og det vil som hovudregel vere lovleg for andre å bruke verket, både kunstnarisk og kommersielt.

Kunsten etter Edvard Munch og Gustav Vigeland har nyleg falle i det fri. Oslo kommune har søkt om varemerkevern av alle dei mest kjende verka av desse to store kunstnarane, for å halde på kontrollen over kunsten. Dette går Raudt Oslo mot – kunstnarven høyrer til oss alle.

Raudt jobbar for eit levande kulturtilbod, der det er kort veg mellom scena og publikum. Vi vil derfor sikre drifta til dei små, uavhengige scenene og til nye initiativ.

- Raudt vil gi kommunal støtte til eit utval mindre spelestader for levande musikk. Føreseielege kommunale tilskot er ein føresetnad for levedyktig drift av desse stadene.

- Kulturinstitusjonane må få auka driftsmidlar, slik at dei blir mindre avhengige av usikre prosjektmidlar.
- Den kommunale støtta til dansekunstnarar og frie teatergrupper må aukast. Det må givast tilskot til fleire smalscener.
- Det må sikrast faste driftstilskot til tiltak som Nordic Black Theatre, Senter for afrikansk kulturformidling, Damini House of Culture, Mela-festivalen, Cosmopolite, radiOrakel og AKKS.

10.1: Bibliotek

Bibliotektilbodet i kommunen må oppretthaldast og styrkjast. Raudt støttar etablering av nytt hovudbibliotek i Bjørvik, men det er viktigare at dei lokale filialane får bestå. Filialane kan gi eit godt lokaltilpassa tilbod, og er ein viktig møteplass for mange. Her møtest folk på tvers av alder og kultur for å lese bøker og aviser, bruke internett, finne og dele informasjon og oppleve kultur. Open tilgang på informasjon er viktig for demokratisk deltaking. Bibliotekfilialane er eit godt lågterskeltilbod som er tilgjengeleg for alle, og må styrkjast, ikkje sveltefôrast.

- Ingen av bibliotekfilialane i dag kan leggjast ned, det bør tvert imot opprettast fleire filialar.
- Opningstidene på biblioteka kan ikkje innskrenkast. Tvert om så må filialar som stengjer tidleg, få utvida opningstider.
- Bibliotekfilialane må få auka innkjøpsbudsjett, og Oslo kommune må jobbe for betre digitale utlånsordningar.
- Biblioteka spelar ei viktig rolle som formidlarar av kultur og informasjon, til dømes ved å arrangere eller huse bokkafear og studiesirklar, og må få ressursar til å styrkje og utvide dette arbeidet.
- Fram til det nye hovudbiblioteket er på plass, må det noverande hovudbiblioteket få midlar til naudsynt brannsikring, utbetring av arbeidsmiljøet og auka tilgang for rørslehemma.

10.2: Idrett

Raudt vil prioritere lokal breiddeidrett og grasrotidrett framfor toppidrett. Store prestisjefylte arrangement må ikkje få gå på kostnad av breie idrettsarrangement og tilgjengelege anlegg.

- Det må leggjast betre til rette for breiddeidrett, særleg for barn og unge. I kvar bydel skal det minste vere ein symjehall, eit fleirbruks ballanlegg og ei skaterampe.
- Låge årsklassar og jentelag må få gode og passande treningstider.
- Det må byggjast fleire innandørs skatehallar, og eksisterande skateanlegg må haldast betre ved like.
- Det må byggjast fleire cricket-anlegg.
- Prisane må senkast og opningstidene utvidast på dei offentlege bada.
- Det må byggjast tak over Valle Hovin slik at Oslo får ein fleirbruks ishall for breiddeidrett.
- Oslo kommune må byggje og halde ved like fleire naturisbanar i vintersesongen.

Ved bygging av nye grunnskular skal det greiast ut om behov for symjehall. Eksisterande skulebad må haldast ved like og utbetrast, og ingen bad må stengjast utan at det blir erstatta med eit nytt. Sagene bad må kjøpast og opnast att av kommunen.

Det må òg leggjast betre til rette for uorganisert «fri» idrett og leik. Det bør blant anna byggjast fleire ballbingar og felt for gatebasket, og det er viktig at opne friområde som kan brukast til uorganisert leik og spel, får stå. Ekebergsletta skal vere for alle, Raudt Oslo seier nei til nedbygging og privatisering av byens felles friområde.

10.3: Ungdomsklubbar

Ungdom må få lovfesta rett til fritidsklubbar i nærmiljøet. Kommunen kan byrje med å gi kommunal rett, men bør òg jobbe for at dette blir gjort lovfesta. Det bør vere éin fritidsklubb per ungdomsskule i bydelen.

- Fritidsklubbane skal halde ope minst tre kveldar i veka, av dei éin kveld i helga.
- Fleire ungdomsaktivitetar bør styrast av ungdommane sjølv, på deira eigne premisser. Brukarane av fritidsklubbane må minimum få medråderett over prioriteringane og aktivitetane til klubben.
- Det må skapast fleire rusmiddelfrie møteplassar og kulturscener.

11: Økonomi og finansiering

Yte etter evne

Raudt står for ein politikk som tener arbeidarklassen. Målet vårt er demokratisk styring av økonomien. Vi ønskjer eit sosialistisk samfunn, der folk sine behov er viktigast, ikkje pengeinteressene.

Innanfor rammene av kapitalismen i dag kan vi omfordele frå rikdom for dei få, til velferd for dei mange. Dei fleste Oslo-politikarar avviser dessverre rettferdige krav med påstandar om at det ikkje finst pengar. I realiteten manglar det ikkje verdiar og ressursar, verken i Oslo, i Noreg eller i verda. Problemet er at ressursane er ekstremt skeivt fordelte. Oslo treng ikkje kutte i velferda, slik det noverande bystyrefleirtalet gjer.

11.1: Budsjett disiplin er ikkje alltid det beste

I dag blir dei bydelane som sparer mest, honorerte. Det går ut over innbyggjarane, aller mest dei som har størst behov for tenestene. Medan Oslo kommune kvart år går med overskot, går bydelane med underskot. Det er urimeleg. Det finst pengar i Oslo til å styrkje velferda i bydelane.

- Budsjetta bør overskridast når det er konkrete behov for det, særleg i dei tilfella der støtte er lovpålagd.
- Sidan dei tenestene bydelane har ansvar for, er så viktig for innbyggjarane, skal bydelane få rå over ein større del av kommunekassa.

Oslo har den største konsentrasjonen av millionærar og milliardærar i landet, men dei rikaste betaler nesten ikkje skatt. Kutta i Oslo sine bydelar og etatar kjem i stor grad av at den rike overklassen har tilnærma skattefritak.

Kommuneøkonomien er sterkt avhengig av den nasjonale politikken for skattar og avgifter. Skatteskerping for dei svært velstående må ordnast med progressiv skjerping av inntektsskatt og formuesskatt.

- Raudt Oslo jobbar for at aksjeutbytte og anna kapitalinntekt (som er inntekt frå andre sitt arbeid) må skattleggjast minst like høgt som lønsinntekt frå eige arbeid.
- Det må innførast ei avgift på aksje-, finans- og

Oslo kommune har gått med overskot i fleire år

Byråd dominerte av Høgre og FrP har sløst vekk milliardar av kommunale velferdspengar på overskrindingar og prestisjeprosjekt: 30 millionar på ein sjukeheim i Spania som aldri blei noko av, 200 millionar i budsjettsprekke på Flexus-systemet, 350 millionar i budsjettsprekke på innføring av nytt IKT-system, 900 millionar i budsjettsprekke på nye Holmenkollen og 300 millionar berre på å søkje om OL i 2022. Det er ingen tvil om at pengane *er* der.

Ingen ny skatt på bustader med vanleg standard

Det må fastsetjast eit botnfrådrag for eigedomsskatt, slik at bustader under ein viss marknadsverdi ikkje blir skattlagde. Slik bustadmarknaden er i dag, må botnfrådraget truleg vere av ein storleik rundt fire millionar kroner. Men Oslo har meir enn 25 000 bustader som er på meir enn 200 m², ofte med store hagar rundt.

Med et høgt botnfrådrag blir det sjølvsagt mindre inntekter til bykassa. Raudt meiner det er betre enn å leggje ei ny skattebyrde på vanlege hushald i Oslo.

Vi vil òg åtvare mot å tru at eigedomsskatt raskt kan gi store inntekter til Oslo. Lova pålegg kommunen ei langsam og trinnvis innføring av eigedomsskatt.

valutatransaksjonar (såkalla tobinavgift).

- Skattlegginga av bedrifter som har råd til det, må skjerpast.
- Kommunale avgifter er det bystyret som bestemmer. Raudt vil fjerne eigendelar og særskattar på uførleik, sjukdom og omsorgsbehov.

11.2: Dei rike i Oslo skal betale eigedomsskatt

Bystyret kan rette opp *litt* av den økonomiske urettferda ved å innføre eigedomsskatt på store bustader. I bystyret har Raudt føreslått dette i mange år. Raudt vil òg innføre eigedomsskatt på nærings eigedom og på statleg eigedom i Oslo. Raudt vil i tillegg arbeide for lovendingar som gjer det mogleg å ta omsyn til inntekta til og storleiken på husstanden ved utrekning av eigedomsskatt.

12: Makt og system

Med folk – mot makta

Politikken må formast av og saman med dei han angår mest. Raudt ønskjer at folk skal ha reell makt i saker som angår dei, og at avgjerder skal takast så nært som mogleg dei det gjeld. Innbyggjarane i Oslo må få meir makt på kostnad av byens godt betalte politikar- og byråkratelite.

- Politiske avgjerdsprosessar må gjerast meir tilgjengelege og opne for innbyggjarane.
- Innbyggjarar, tillitsvalde, organisasjonar, brukarar og pårørande må involverast i utviklinga av kommunale tenester, og bli gitt meir direkte påverknad over avgjerdsprosessane.

Raudt vil vere ein påliteleg samarbeidspartnar for fagforeiningar, kvinneorganisasjonar, miljøorganisasjonar og andre folkelege organisasjonar. Vi vil stille opp for einskildpersonar som blir tråkka på av byråkratar og politikarar.

12.1: Byrådet

Raudt er mot byrådssystemet, fordi det forskyver makt oppover til ein liten og godt betalt elite. Byrådssystemet fører til at byrådet og kommuneadministrasjonen styrer kommunen – ikkje dei folkevalde politikarane i byen. Dette gir eit enda mindre demokratisk styringssystem.

- Raudt vil avvikle byrådssystemet.
- Politiske avgjerder skal ikkje delegerast frå folkevalde organ til byrådet eller administrasjonen.
- Kommunal drift skal ikkje organiserast i selskap, føretak og andre styringsmodellar som reduserer høva til innsyn og folkevald styring, og som pulveriserer ansvaret til dei folkevalde.
- Raudt vil ha forsøk med deltakande budsjettering i kommunen og i bydelane.
- Dagens kriteriesystem må avviklast. Etter dette systemet blir overføringane til bydelane fordelte etter ein teoretisk fordelingsnøkkel, og ikkje etter befolkninga sine reelle behov for velferdstilbod.

Byrådet og bystyret

Oslo bystyre består av 59 representantar, valde av folket. I skrivande stund er åtte forskjellige parti representerte i bystyret – Raudt, SV, Arbeidarpartiet, MDG, KrF, Venstre, Høgre og FrP. Bystyret møtest omtrent ein gong i månaden for å stemme over saker.

I Oslo har vi byparlamentarisme. Det betyr at byen til dagleg blir styrt av ei «byregjering» – byrådet. Byrådet kjem frå dei partia som kan samle størst støtte i bystyret, og er ikkje folkevalt.

12.2: Bydelsutvala

Sjølv om bydelsutvala i dag har lite reell påverknad, meiner Raudt at Oslo framleis skal organiserast i bydelar leidde av bydelsutval, og av bydelsutvala skal veljast av bebuarane i bydelen. Bydelsutval bidrar til auka deltaking i den politiske prosessen og minskar avstanden mellom dei styrte og dei styrande.

- Bydelsutvala må få større fullmakter og ansvarsområde.
- Raudt vil gå imot forslag om samanslåing av bydelar. Dette vil berre føre til meir byråkrati og svekkje den folkelege kontrollen med administrasjonen.

Dei økonomiske løyvingane frå bystyret til bydelane – rammeløyvingane – er altfor tronge. Bydelspolitikarane blir derfor tvinga til å kutte i viktige velferdsoppgåver, og byrådet skyver ansvaret for velferdskutta over på bydelane. Bydelsutvala må få definere dei reelle behova i bydelane i samråd med innbyggjarane, og kunne budsjettere på grunnlag av det.

- Bydelane må få økonomiske rammer som svarer til dei reelle velferdsbehova blant innbyggjarane i bydelen.
- La bydelsutvalet tilsetje bydelsdirektøren. Vedkomande skal stå under instruksjon av dei folkevalde, og ikkje av byrådet, slik situasjonen er i dag.

Raudt Oslo sitt arbeidsprogram 2015–2019, vedteke på årsmøtet 15. mars 2015.